



BERGE BJARNE J

5462 HERØYSUNDET

Sakshandsamar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Tore Eik	905 59 189	2021/1195-4		26.04.2021

## LØYVE TIL MASSEFYLLING – PLANERING – NYDYR KING - GNR/BNR – 135/2 - BJARNE BERGE – *delegert vedtak*

**Søkjjar: Bjarne Berge**

**Delegert saksnummer: 2021/271**

**Søknad motteken: 20.04.21**

### Vedtak

Kvinnherad kommune gjev søkjjar løyve til massefylling – planering - nydyrking på eit areal på om lag 2 da da på gnr/ bnr – 135/2 som omsøkt. Arealet er innteikna på vedlagt kart.

*Vedtaket er heimla i jordlova § 11 og forskrift om nydyrking.*

### Vilkår for løyvet

Det skal berre nyttast reine massar ved fylling. Det skal takast mest mogeleg omsyn til kulturlandskapsverdiane i området. Dersom det kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med arbeidet i marka, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren må få melding om funna.

### Saksutgreiing

Søkjjar ynskjer å dyrka eit areal på om lag 2 da da på garden sin. Dette vil han gjer med tilkøyring av massar. Området er i dag grunnlendt beite med stein og knausar i overflata.

Etter vårt syn vil ikkje nydyrkinga ha negative fylgjer for kulturlandskapet. Det er ikkje trong for nye vegar. Saka har vore sendt til fylkeskommunen for uttale etter kulturminnelova. Det har ikkje kome merknad.

Nydyrkinga må iversetjast innan 3 år frå vedtaksdato. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet må det søkjast om endring.

---

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

*Tore Eik  
Rådgjevar landbruk*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Vedlegg: